



Rosendalstunet er ein av institusjonane med dagsentertilbod.

Rådmannen går inn for ein takstauke ved dagsentrene til maksimalt 220 kroner eller 214 prosent i høve til dagens nivå. Dette aksepterar ikkje eldrerådet, sjølv om også det ser at det er naudsynt med ein justering av satsane. Også uskedelingar nyttar tilbodet, dei blir til dømes henta til Rosendalstunet. Tilbodet er også på Ølve, Husnes og Halsnøy.

Eldrerådet, der uskedelingen Åshild Sjøwall er nestleiar, kan ikkje akseptera forskjellsbehandling av eldre og går inn for ein takst på 100 kroner frå . september i år til juli neste år, så 150 kroner fram til 1. januar 2014 og deretter 200 kroner for året fram til 1.januar 2015. Vidare skal det skje ein årleg justering i høve til konsumprisindeksen.

Dagens eigenbetaling gjev store underskot for kommunen med ein takst på 70 kroner dagen. Tilbodet kostar 382 kroner som dekkkjar henting og bringing, alle måltider og ymse aktivitetstilbod. Kommunen nyttar 6 årsverk på tilbodet og eigenandelen er lågare enn i nabokommunane. Differansen mellom kommunen sine kostnader og eigenbetalinga blir 312 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen